



# ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2017



# Nøkkelfakta om Skjåk Energi

- Etablert i 1919
- 16 årsverk
- Innmata mengde i nettet 56 GWh
- 2081 nettkundar
- Disponibel mengde kraft 126 GWh
- Omsetning på 54 millionar kroner





VÅRE VERDIAR  
*Pålitelege,  
framsynte,  
ha pågangsmot  
og humør*

VÅR VISJON  
*Saman skapar  
vi verdjar for  
bygda vår!*



## INNHALD *(klikkbar meny)*

<a href="#">Nøkkelfakta, visjon og verdier</a>	2
<a href="#">Kommentarer</a>	6
<a href="#">Årsmelding frå styret</a>	8
<a href="#">Økonomiske nøkkeltal</a>	12
<a href="#">Samfunnsrekneskap og sosialt ansvar</a>	13
<a href="#">Resultatrekneskap</a>	14
<a href="#">Balanse eignedelar</a>	15
<a href="#">Balanse eigenkapital og gjeld</a>	16
<a href="#">Kontantstraumanalyse</a>	17
<a href="#">Notar til rekneskap og balanse</a>	18
<a href="#">Melding frå revisor</a>	30

# Kommentarar

Vi har lagt bak oss det 98ande driftsåret til Skjåk Energi og det har vore høg aktivitet gjennom heile året. Økonomisk sett klarer Skjåk Energi seg godt. Sjølv om 2016 var eit godt år, har vi i 2017 eit overskot etter skatt som er nesten dubla samanlikna med fjoråret og budsjett. Det er likevel ei uro for oss at styresmaktene skattlegg kraftverksemdene så hardt som dei gjer, og trekkjer på den måten ut midlar som burde kome sterkt økonomisk pressa eigarkommunar som ligg i utkantane til gode.

***Det er å håpe at ramevilkåra for Skjåk Energi blir slike at bedrifta kan stå på egne bein i mange år framover også.***

I desember 2017 fremja Senterpartiet forslag om at nettselskap med under 30 000 kundar skal sleppe kravet om funksjonelt skilje. Stortinget skal stemme over dette forslaget den 16. mars 2018. Det er viktig at dei stemmer for at små selskap skal få drifte vidare utan unødig byråkrati og kostnadsbyrde. Dette blir samstundes ei stemme for å oppretthalde kompetansearbeidsplasser i distrikta.

Skjåk Energi har klart å tilpasse seg dei mange store endringane som har vore gjennom åra. Det står fleire utfordringar framfor oss nå, men vi skal klare desse og. Vi er i gang med tilpassing til endringane i energilova og har planlagt omorganisering av elverket frå kommunalt føretak til aksjeselskap i 2018. Viss alt går etter planane, vil 2017 vere det siste driftsåret der elverket er organisert som kommunalt føretak.

Skjåk kommune arrangerte konferansen «Skjåk i Ver'n – Frå Paris til Skjåk» for fyrste gong i 2017. Raud tråd for konferansen var å vedta globalt og å gjennomføre lokalt. Blant mange gode foredrag informerte Glasopor om satsinga dei har gjort på det grønne skiftet, der dei blant anna har gått over til rein norsk vasskraft i produksjonen. Skjåk Energi deltok på konferansen og reklamerte for produktet Aursjokraft – kraft med opphavsgaranti, som betyr at krafta er rein vasskraft frå Skjåk.

## ***Aursjokraft – 100 prosent rein vasskraft frå Skjåk Energi***

I fleire år har det vore brukt mykje ressursar på fiberutbygging i Skjåk. I 2017 har Nordberg vore prioritert med fiberutbygging frå Skjåk 1 til Dønnfoss og Oppnose. I 2018 vil vi starte med utbygging av fiber på Skjåk solside frå Reppen til Staurust. Skjåk ligg langt framme på fiberdekning takka vere ein framsynt eigar som har prioritert viktig utvikling av infrastruktur.

Det har vore gjennomført fleire testar og milepælar i samband med Elhub i 2017 og Skjåk Energi er godt i rute. Elhub er den nasjonale løysinga for informasjonsutveksling i straummarknaden. Etter mange utsettingar og endringar frå Statnett er det nå kome ein ny dato for Elhub Go Live. Statnett har vedteke at Elhub skal setjast i drift den 18. februar 2019. Ny plan for aktivitet fram mot Elhub Go Live er forankra i ekspertgruppa for Elhub og publisert.

Ei av dei større utfordringane vi har hatt dei seinaste åra har vore å tilpasse nettdrifta til stadig varierende inntektsrammer. Frå 2016 til 2017 gjekk inntektsramma ned med 2,1 millionar kroner, ein reduksjon på over 11 prosent. Vi arbeider med å tilpasse oss inntektsrammemodellen til Noregs vassdrags- og energidirektorat. Det er sett i gang fleire tiltak i 2017 som vi håpar skal gje gevinst framover.

Vi har vore gjennom eit travelt og svært krevjande år i 2017. Trass i alle utfordringar, har vi klart å oppnå eit godt resultat til slutt. Tusen takk til alle dei tilsette og styret for god innsats og eit godt samarbeid!

**Tordis Brandsar, konst. elverksjef i 2017**



***«Det er å håpe at ramevilkåra for Skjåk Energi blir slike at bedrifta kan stå på egne bein i mange år framover også.»***

# Årsmelding frå styret

## Verksemda

Skjåk Energi KF er lokalisert i Skjåk og er eit kommunalt føretak eigd av Skjåk kommune. Skjåk Energi, tidlegare Skjåk kraftverk, vart etablert i 1919.

Energiverket står for distribusjon og omsetning av elektrisk energi i heile kommunen, samt dei delar av tunnelanlegga på riksveg 15 Skjåk – Stryn som ligg i Stryn. Skjåk kommune har stedsevarande rettar i Øvre Otta DA og kraftverket Skjåk 1, som Skjåk Energi disponerer for kommunen.

I tillegg har elverket engasjert seg i utbygging av breiband i Skjåk.

## Vår visjon

Saman skapar vi verdiar for bygda vår.

## Våre verdiar

Pålitelege, framsynte, pågangsmot og humør.

## Forretningsidé

Vi skal vere ein framtidretta verdiskapar med kundretta verksemd innan fornybar energi, infrastruktur, smartstraum og tilknytte tenester innan marknaden vår.

## Samansetjing av elverkestyret 31.12.2017

Styret består av fem medlemmer, blant desse ein representant for dei tilsette.

Bjørn Dalen (leiar)  
Per Morten Lindsheim (nestleiar)  
Astrid Gjertsen  
Sissel Brenna  
Lena Teigum (valt av dei tilsette)

Det har vore 10 styremøte i 2017 og styret har handsama 62 saker gjennom året.

## Likestilling

Ved utgangen av året hadde bedrifta 15 fast tilsette, 4 kvinner og 11 menn. Arbeidstid og løn er rettvisst fordelt mellom kjønna. Personalpolitikken vert rekna for å vere kjønnsnøytral på alle områder.

Styret har 5 medlemmer, 2 menn og 3 kvinner.

Generelt sett er det få kvinner i kraftbransjen. Det er ikkje gjennomført spesielle likestillingstiltak gjennom året.


## Arbeidsmiljø og personale

Skjåk Energi hadde 15 fast tilsette pr. 31.12.2017, som utgjer 14,5 årsverk.

Styret vurderer arbeidsmiljøet i bedrifta som godt. Skjåk Energi følgjer dei forskrifter for internkontroll som

er pålagt. Lovpålagde kurs i eltrygging, førstehjelp og nedfiring er utført i 2017. Det er lagt opp interne retningslinjer og ansvarsfordeling for å få regelmessig oppdatering, oppfølging og framdrift. Bedrifta er medlem i Frisk HMS og vart IA-bedrift i 2017.

Det har ikkje vore ulykker i samband med utføring av arbeid i 2017. Samla sjukefråvær i 2017 var 11,18 % mot 5,72 % i 2016. Eigenmeldt sjukefråvær har vore på 1,02 %. Året har dessverre vore prega av fleire langtidssjukemeldingar. Sjukefråværet har aldri vore så høgt, men det har vore spesielle situasjonar som har vore med å forverre tala i 2017. Elverket arbeider med tiltak for å betre sjukefråværstala. Vi reknar med å sjå ei stor betring i 2018.



## Ytre miljø

Bedrifta driv ikkje verksemd som forureinar det ytre miljøet. Farlege stoff og spesialavfall vert teke vare på og innlevert. Kjeldesortering av alle type restprodukt ved elverket er innført, og all avfallbrenning er forbode. Restprodukt og olje blir oppsamla og forureinar ikkje miljøet.

## Kraftomsetnad


Totalt disponerte Skjåk Energi ei kraftmengde på 126,3 GWh i 2017. I 2016 var denne mengda 122,8 GWh. Sal av kraft til sluttbrukarar i Skjåk var på 49,3 GWh i 2017. Dette utgjer ein gjennomsnittleg marknadsdel på 91 % av kraftkundane i Skjåk.

Skjåk kommune har ein stedsevarande rett på 7 % i Øvre Otta DA og 16,5 % av kraftverket Skjåk 1. Skjåk Energi disponerer desse rettane på vegne av Skjåk kommune. Delane er innarbeidd brutto i rekneskapen for Skjåk Energi og elverket svarar for overskotsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og grunnrenteskatt.

## Overføringsverksemd

Total inntektsramme for 2017 var 15,952 millionar kroner. Dette er ein nedgang på 11 % frå 2016, då inntektsramma var 17,919 millionar kroner. Skjåk Energi hadde inntekter frå nett på kr. 20,3 millionar i 2017, som er ein nedgang på 8 % samanlikna med 2016, då nettinntektene





var 22,042 millionar kroner. Bokført mindreinntekt pr. 31.12.2017 er på 0,9 millionar kroner.

Det vart målt 56,4 GWh inn på nettet i 2017. Totalt mengde timesmålte anlegg var 54,3 GWh i 2017. Net-tapet var på 2 GWh, som er 3,6 % av mengde mata inn på nettet.

Totalt har det vore 27 utkoplingar og driftsforstyr-ringar i 2017, same som i 2016. KILE (kompensasjon for ikkje levert energi) i 2017 var på 0,224 millionar kroner. Kostnaden i 2016 var på 0,186 millionar kroner.

Gjennom året har det vore arbeidd med bygging og isolering av høgspennnett og kabelnett, prioritering og oppfølging av tilstandskontroll. Vi har forsterka og bygd om fleire lågspennanlegg for å auke spenningskvaliteten hos kundane våre. Av større prosjekt vi har arbeidd med i år, er omlegginga av høgspenn- og lågspennanlegget rundt den nye ein til ti skulen i Bismo.

Det er bygd to nye ladestasjonar i Skjåk i 2017, lade-stasjon ved Grotli hotell og ved Sota sæter, i tillegg er det montert ein ekstra hurtiglader på ladestasjonen ved Skjåk Kjøpesenter.

### Det lokale eltilsyn (DLE)

Krav til DLE er fastsett med heimel i lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr, § 9, og DSB si plikt til å føre kontroll med DLE si verksemd. Kostnadar til DLE er inkludert i inntektsramma for nettselskapet, fastsett av NVE, og er følgjeleg ei teneste som kundane til nettselskapa betaler for. Tilsynsplanen bestemmer minste-kravet til DLE si verksemd. Alle funn som blir registrert under kontrollane ute hos kundane, blir rapportert til DSB sentralt. Tilsynsplanen legg føringar og prioriterin-gar for dei satsingsområda som er viktige. Etter god-kjent tilsynsplan for 2017 skulle det gjennomførast 133 kontrollar, totalt vart det gjennomført 171 kontrollar.

DLE har i 2017 vore med på Aksjon bustadbrann og

Brannvernveka i samarbeid med brannvesenet. Av andre tiltak vart det arrangert tur for 7. og 10. klassane i Skjåk til Energisenteret på Hunderfossen. Tilsynsingeniøren har og vore på besøk hos 7. klasse og undervist om elektrisitet.

### Breiband

Skjåk Energi har i 2017 brukt mykje ressursar på bygge ferdig FTH i Nordberg. Vi har arbeidd med utbygging av Åmotsøye og Oppnose, her vil vi fullføre arbeidet i 2018. Det er og brukt midlar på eksisterande FTH-felt for at dei som ynskjer det skal få tilgang på fiber. Vidare utbygging av fiber for dei fastbuande i Skjåk er planlagt.

### Økonomi

Driftsresultatet på 13,2 millionar kroner i 2017 er ein mil-lion kroner betre enn fjoråret og 2,4 millionar kroner betre enn budsjettet. Driftsinntekter for 2017 er 2,1 mil-lionar kroner lågare enn budsjett og 2016. Hovudårsaka til reduksjon i omsetning er lågare inntektsramme enn venta. Driftskostnader er 3,7 millionar lågare enn bud-sjett og 3,1 millionar kroner lågare enn fjoråret.

Resultatrekneskapet viser pr. 31. desember eit over-skot på 11,1 millionar kroner før skatt, som er tre millionar kroner betre enn 2016.

Netto finanskostnader på 2 millionar kroner inklude-rer 3,7 millionar kroner i renter på ansvarleg lån til eigar. Skjåk Energi har ansvarlege lån hos eigar på til saman 98,2 millionar kroner.

Resultat etter skatt er på 6,8 millionar kroner, og er tre millionar kroner betre enn 2016.

Likviditeten til elverket vert vurdert som svært tilfreds-stillande og evna til å eigenfinansiere investeringar er god. All kortsiktig gjeld pr. 31.12.2017 kan løysast inn med dei mest likvide midlane. Eigenkapitaldelen er på 32 prosent, ein nedgang på 0,8 prosentpoeng frå 2016.

## Framtidig utvikling

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god både på kort og lengre sikt.

## Finansiell risiko

Styret har godkjent ein strategi for prissikring. Så lenge desse instruksane vert følgde, vurderer styret at den finansielle risikoen er avgrensa og innanfor den økonomiske tåleevne til elverket.

## Marknadsrisiko

Elverkstyret har vedteke risikodokument som set rammer for sikring av mengder og priser. Sjå note 2.

## Kredittrisiko

Tidlegare historikk viser at denne risikoen er låg, då det har vore lite tap på fordringar.

## Renterisiko

Skjåk Energi er utsett for renterisiko både når det gjeld lån hos eigarkommunen og for kapitalplasseringane.

Inntektsrammeregulering vert også påverka av renteendringar.

## Likviditetsrisiko

Elverket er kredittverdig med ein god soliditet. Det vert vurdert å vere liten risiko for at bedrifta ikkje får tilført likviditet ved behov.

## Fortsatt drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av selskapet. Styret stadfester at føresetnad framleis er til stades. Det er ikkje skjedd noko etter rekneskapsåret sin slutt som etter styret sitt syn har betydning for vurderinga av rekneskapet.

## Resultatdisponering

Den framlagte resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gjev etter styret si oppfatning eit rettvisst bilete av bedrifta sine eigedelar og gjeld samt finansielle stilling og resultat. Rekneskapen viser eit overskot etter skatt på kr 6 765 329 for Skjåk Energi KF.

Den økonomiske situasjonen til Skjåk Energi vert vurdert som solid nok til at storparten av overskotet etter skatt kan brukast til eigaruttak på 6,6 millionar kroner. Det vart forhandla fram redusert eigaruttak for 2017 i håp om at eigenkapitalen ikkje skulle bli ytterlegare redusert.

Styret sitt forslag til disponering av overskotet for 2017 på kr 6 765 329 er:

Eigaruttak	kr	6 600 000
Overført til eigenkapital	kr	165 329

Skjåk, 26. februar 2018

  
Bjørn Dalen  
styreleiar

  
Per Morten Lindsheim  
nestleiar

  
Astrid Gjertsen  
styremedlem

  
Lena Kristina Teigum  
styremedlem

  
Hans Sæther  
varamedlem

  
Lars-Egar Haugen  
elverksjef



# Økonomiske nøkkeltal for Skjåk Energi

Tal i heile tusen kroner	2017	2016	2015	2014	2013
Omsetnad	54 374	56 468	52 328	56 032	59 097
Driftsresultat	13 202	12 133	11 768	13 766	13 786
Resultat før skatt	11 161	8 063	8 272	15 523	8 066
Resultat etter skatt	6 765	3 769	5 464	10 160	4 792
Eigenkapital	55 354	54 632	61 656	78 710	76 187
Netto driftsmargin	24,28 %	21,49 %	22,49 %	24,58 %	23,33 %
Resultatgrad	20,84 %	15,35 %	16,57 %	18,03 %	14,94 %
Kapitalens omløpshastigheit	0,32	0,33	0,29	0,29	0,32
Totalrentabilitet	8,73 %	6,83 %	6,57 %	7,75 %	8,07 %
Eigenkapitalrentabilitet	19,99 %	13,68 %	11,79 %	12,30 %	11,06 %
Likviditetsgrad 1	2,82	2,61	3,75	4,01	4,52
Likviditetsgrad 2	2,66	2,53	3,62	3,92	4,43
Eigenkapitalandel	32,08 %	32,83 %	35,79 %	40,88 %	39,92 %
Gjeldsgrad	2,12	2,05	1,79	1,45	1,50

## Definisjonar:

Netto driftsmargin = Driftsresultat i prosent av driftsinntekter

Resultatgrad = resultat før skatt + finanskostnadar/omsetnad

Kapitalens omløpshastigheit = omsetnad/gjennomsnittleg totalkapital

Totalrentabilitet = driftsresultat + finansinntekter/gjennomsnittleg totalkapital

Eigenkapitalrentabilitet = resultat før skatt/gjennomsnittleg eigenkapital

Likviditetsgrad 1 = omløpsmidlar/kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 2 = mest likvide omløpsmidlar/ kortsiktig gjeld

Eigenkapitalandel = eigenkapital i prosent av totalkapital

Gjeldsgrad = (Kortsiktig gjeld + langsiktig gjeld)/sum eigenkapital

## Hovudtal for Skjåk Energi

	2017	2016	2015	2014	2013
<b>Tal på tilsette per 31.12</b>					
Heiltidstilsette	15	16	16	15	15
Deltidstilsette	1	1	1	1	1
Årsverk	15,5	16,5	16,5	15,5	15,5

## Data for overføringsnettet


22kV leidning	km	133	133	133	135	139
22kV kabel	km	47	47	46	45	42
Lågspent, leidning	km	149	148	148	149	152
Lågspent, kabel	km	144	135	133	127	121
Ford.transformatorar, tal	stk.	208	205	202	201	198
Ford.transformatorar, yting	kVA	37 825	36 250	33 725	33 450	33 000

# Samfunnsrekneskap og sosialt ansvar

Skjåk Energi bidreg direkte og indirekte til ein betydeleg verdiskaping i samfunnet. Det sosiale ansvaret til elverket omfattar fyrst og fremst medarbeidarane våre. Vi legg stor vekt på at Skjåk Energi skal vere ein god arbeidsplass, der dei tilsette kan føle at dei utviklar seg og arbeider i eit positivt miljø. Dette har også stor betydning for rekruttering til elverket. Det er viktig med lokale kompetansearbeidsplasser og 88 prosent av dei tilsette er busett i Skjåk og dei resterande 12 prosent er busett i Lom. Skjåk Energi støtter opp om barne-, ungdoms- og idrettsarbeid. Dette er gode formål vi fortsatt skal syne merksemd.

For Skjåk Energi er det viktig å vise medarbeidarane at elverket er godt integrert i det samfunnet vi lever i, og at vi er eit sosialt ansvarleg elverk som bidreg positivt både i bransjen og i lokalmiljøet i Skjåk.

Støtte blir gjeve både som arbeidskraft, utstyr og/eller pengar. Skjåk Energi er bevisst på å bruke lokale leverandører ved kjøp av varer og tenester.



## Den direkte verdiskapinga er (beløp i kroner):

Skatt på inntekta til bedrifta	4 395 997
Skatt på inntekt egne tilsette	3 965 633
Sponsing av lokale lag og arrangement	87 477
Arbeidsgjevaravgift	1 439 414
Renter og eigaruttak Skjåk kommune	10 270 000
Forbruksavgift	6 393 763
Avgift til energifondet, Enova	573 739
Meirverdiavgift, netto utbetalt	9 835 219
Eigedomsskatt	37 083
<b>Sum direkte verdiskaping i 2017</b>	<b>36 998 325</b>

## Etiske retningslinjer

Skjåk Energi har utarbeidd egne grunnverdiar og etisk verdigrunnlag som set fokus på haldningar og åtferd som er forventa av den einskilde medarbeidar. Desse skal følgjast av alle tilsette for å ivareta omsynet til sosiale forhold, samfunn og miljø. Varsling av mistanke eller kjennskap til brot på etiske retningslinjer skal gjerast slik som Varslingsplakaten beskriv, der varslaren også kan vera anonym. Varslingsrutinane er oppdatert i 2017.

# Resultatrekneskap

	Note	2017	2016
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
Energisal		34 598 354	32 496 711
Overføringsinntekter	13	17 681 666	19 978 036
Gevinst ved sal av driftsmidler		24 288	140 080
Leieinntekter		470 064	395 189
Anna driftsinntekt	11	1 599 259	3 457 417
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>9</b>	<b>54 373 631</b>	<b>56 467 433</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Energikostnader		6 699 422	7 847 762
Overføringskostnader		3 022 760	3 569 529
Lønekostnad	3, 4	14 493 188	14 921 079
Ordinære avskrivningar	11, 16	6 107 168	5 674 518
Andre driftskostnader	11, 17	10 471 785	12 318 718
Tap på fordringar		377 687	2 996
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>41 172 009</b>	<b>44 334 601</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>13 201 622</b>	<b>12 132 831</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		291 105	283 566
Annen finansinntekt	7	1 495 266	21 015
Renter ansvarleg lån	8	3 670 000	3 670 000
Annan rentekostnad		4 163	940
Annan finanskostnad		152 505	703 399
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>-2 040 296</b>	<b>-4 069 758</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>11 161 326</b>	<b>8 063 073</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	14	4 395 997	4 293 743
<b>Resultat i året</b>		<b>6 765 329</b>	<b>3 769 330</b>
<b>Opplysningar om:</b>			
Eigaruttak		6 600 000	9 900 000
Overført til annan eigenkapital	15	165 329	
Overført frå annan eigenkapital	15	0	6 130 670
<b>Sum overføringar</b>		<b>6 765 329</b>	<b>3 769 330</b>

# Balanse egedelar


	Note	2017	2016
<b>Egedelar</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
Utsett skattefordel	1, 14,18	2 099 826	1 434 736
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>2 099 826</b>	<b>1 434 736</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar o.a. fast eigedom	16	7 393 026	7 701 803
Anlegg under arbeid	16	371 829	1 800 240
Anleggsmiddel deleigde verk	11,16	69 018 882	71 281 119
Distribusjonsanlegg	16	23 001 695	23 146 729
Transportmiddel	16	1 602 059	1 891 350
Driftslausøyre, inventar og liknande	16	2 429 518	2 769 607
Televerksemd	16,18	12 598 388	10 029 367
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>116 415 397</b>	<b>118 620 215</b>
<b>Finansielle driftsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og delar	7,18	5 310 511	8 677 114
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>5 310 511</b>	<b>8 677 114</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>123 825 734</b>	<b>128 732 065</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
Lager			
Reservemateriell	6	903 715	1 213 731
<b>Sum lager</b>		<b>903 715</b>	<b>1 213 731</b>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		13 267 516	13 416 207
Omløpsmiddel deleigde verk	11	878 500	877 763
Andre kortsiktige fordringar		2 707 223	2 662 091
Opptent mindreinntekt	12, 13	935 427	3 107 885
<b>Sum fordringar</b>		<b>17 788 665</b>	<b>20 063 947</b>
Bankinnskot, kontantar o.l.	5	30 007 475	19 704 152
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>48 699 855</b>	<b>40 981 829</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>172 525 589</b>	<b>169 713 894</b>

# Balanse egenkapital og gjeld

	Note	2017	2016
<b>Eigenkapital og gjeld</b>			
<b>Opptent egenkapital</b>			
Annan egenkapital	1, 15,18	55 354 185	54 631 898
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>55 354 185</b>	<b>54 631 898</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>55 354 185</b>	<b>54 631 898</b>
<b>Gjeld</b>			
Avsetning for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	4	1 682 765	1 148 199
<b>Sum avsetning for forpliktingar</b>		<b>1 682 765</b>	<b>1 148 199</b>
Annan langsiktig gjeld			
Ansvarleg lån Skjåk kommune	8	98 224 805	98 224 805
<b>Sum annan langsiktig gjeld</b>		<b>98 224 805</b>	<b>98 224 805</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		2 287 742	2 361 915
Skyldig skatt	14	5 292 917	4 150 630
Skyldig offentlege avgifter og andre trekk	5	7 760 307	7 706 841
Anna kortsiktig gjeld	11	1 922 868	1 489 605
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>17 263 834</b>	<b>15 708 990</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>117 171 404</b>	<b>115 081 995</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>172 525 589</b>	<b>169 713 894</b>

Skjåk, 31. desember 2017

26. februar 2018



Bjørn Dalen  
styreleiar



Per Morten Lindsheim  
Per Morten Lindsheim  
nestleiar



Astrid Gjertsen  
Astrid Gjertsen  
styremedlem



Lena Kristina Teigum  
Lena Kristina Teigum  
styremedlem



Hans Sæther  
Hans Sæther  
varamedlem



Lars-Egar Haugen  
Lars-Egar Haugen  
elverksjef



# Kontantstrømanalyse

	Note	2017	2016
<b>KONTANTSTRØMER FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>			
1) Avstemming			
Resultat før skattekostnad		11 161 326	8 063 073
- Betalt skatt i perioden	14	-3 918 800	-2 762 456
+/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel	16	24 288	-140 080
+ Ordinære avskrivningar	16	6 107 168	5 674 518
+/- Endring i lager	6	310 016	266 100
+/- Endring i kundefordringar		148 692	-2 434 116
+/- Endring i leverandørgjeld		-74 173	1 469 596
+/- Effekt av valutakursendringar		-127 701	-655 655
+/- Endring i andre tidsavgrensingsposter		3 288 971	357 175
<b>= Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 1)</b>		<b>16 919 247</b>	<b>9 838 155</b>
<b>KONTANTSTRØMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>			
+ Innbetalningar ved sal av varige driftsmiddel		220 000	0
- Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmiddel	16	-5 577 305	-2 072 258
+ Innbetalningar ved sal av aksjar og deler i andre føretak		4 988 227	0
- Reversering av nedskrivning aksjar		-490 141	0
- Utbetalningar ved kjøp av aksjar og deler i andre føretak		0	1 500 000
- Utbetalningar ved kjøp av andre investeringar		-136 987	-131 956
<b>= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>		<b>-15 924</b>	<b>-704 214</b>
<b>KONTANTSTRØMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>			
- Utbetalningar av utbytte	16	-6 600 000	-9 900 000
<b>= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>		<b>-6 600 000</b>	<b>-9 900 000</b>
<b>= Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar</b>		<b>10 303 323</b>	<b>-3 766 059</b>
+ Beh. av kont. Og kontantekvivalentar ved starten av perioden		19 704 152	23 470 211
<b>= Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av perioden</b>		<b>30 007 475</b>	<b>19 704 152</b>

# Notar til rekneskap og balanse

## Note 1 – Generelle rekneskapsprinsipp

Årsoppgjeret til Skjåk Energi er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak i Norge.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar, som vert betalt tilbake innan eit år, er klassifisert som omløpsmiddel. Tilsvarende kriterium er lagt til grunn ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld.

Anleggsmiddel er aktivert til kostpris, men blir skrivne ned til verkeleg verdi når fall i verdi ikkje er forventta å vere forbigåande. Langsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Langsiktig gjeld blir ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Kortsiktig gjeld er skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler og er gjort greie for nedanfor.

### Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av kraft/varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført ved utføring.

### Kraftkontraktar – nærståande partar

Frå eigaren, Skjåk kommune, disponerer elverket ei kraftmengde på totalt 126,3 GWh i 2017, i 2016 var denne mengda 122,8 GWh. Totale overføringar frå Skjåk Energi til eigar i 2017 er på 10,27 millionar kroner.

### Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er avskrivne over forventta økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over resterande økonomisk levetid.

### Andre anleggsaksjar og delar

Anleggsaksjar og mindre investeringar i ansvarlege selskap og kommandittselskap, der Skjåk Energi ikkje har betydeleg innverknad, skal førast i balansen til kostpris. Investeringane blir skrivne ned til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre overskotsutdelingar frå selskapa vert ført som annen finansinntekt.

### Lager

Lager av målarar og beredskapsmateriell vert vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og verkeleg verdi.

## **Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for resten av kundefordringar gjort ein uspesifisert avsetnad for å dekke mogleg tap.

## **Valuta**

Balansepostar i utanlandsk valuta er vurdert til balansedagen sin kurs.

## **Pensjonar**

Pensjonsansvaret til Skjåk Energi er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Den ytingsbaserte pensjonsordninga er vurdert til noverdi av dei framtidige pensjonsytningar som i rekneskap er vurdert som opptent på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurdert til verkeleg verdi. Endring i pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplaner, vert fordelt over antatt gjennomsnittleg attståande oppteningstid. Akkumulert verknad av endringar i estimat og endringar i finansielle og aktuarielle føresetnader (aktuarielle vinster og tap) under 10 % av det som er størst av pensjonsforpliktingar og pensjonsmiddel ved starten av året vert ikkje rekna inn. Når den akkumulerte verknaden er over 10 %-grensa ved starten av året, vert det resultatføring av det overskytande over antatt gjennomsnittleg oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

## **Endring av rekneskapsprinsipp og tidlegare år sine feil**

Som hovudregel vert resultat av endring av rekneskapsprinsipp og tidlegare år sine feil ført direkte mot eigenkapital.

## **Segmentinformasjon**

Selskapet si verksemd omfattar omsetnad av kraft, deleigde verk; Øyberget kraftverk, Framruste kraftverk og Skjåk 1 kraftverk, drift av distribusjonsnett, televerksemd og anna verksemd som hovudsakleg er utleige av lokale, jf. Note 9.

## **Vassmagasinbeholdning**

I samsvar med etablert praksis i kraftforsyninga er ikkje magasinbeholdning for deleigde verk teke med i balansen. For informasjon om magasinbeholdning i deleigde verk, sjå note 10. Gjeld følgjande verk; Øvre Otta DA og Opplandskraft DA.

## **Overføringsverksemd**

Kvart år vedtek NVE inntektsrammer for nettselskapa og kor mykje kvart einskild selskap kan inntektsføre som nettleige. Dersom dei faktiske nettleigeinntekter etter fakturering blir lågare, blir differansen bokført som mindreinntekt, det vil seie at nettselskapet har til gode nettleige hos kunden. Blir faktiske nettleigeinntekter høgare, blir differansen bokført som meirinntekt og kunden har til gode hos nettselskapet, jf. Note 13.

## **Skatt**

### *Overskotsskatt*

Skattekostnaden i resultatrekneskapan omfattar både betalbar skatt for perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 23 % for 31.12.2017 og 24 % for 31.12.2016 på grunnlag av midlertidige forskjellar som er mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessige underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Skatteaukande og skattereduserande midlertidige skilnader som vert reversert eller kan reverserast i same periode er utlikna og nettoført.

### *Naturressursskatt*

Naturressursskatt er ein skatt som er uavhengig av overskotet og vert utrekna på grunnlag av det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste sju åra. Skattesatsen er sett til 1,3 øre/kWh.

Naturressursskatten vert utlikna mot overskotsskatten. Eventuell ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter til seinare år og inngår som ein del av grunnlaget for berekning av utsett skattefordel. Naturressursskatt til framføring vert rekneskapsført som forskotsbetalt skatt og vert klassifisert som utsett skattefordel.

